

Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Salsinntekter

Tenester vert inntektsført etterkvart som dei vert leverte.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

For andre postar enn kundefordringar vert postar som forfell til betaling innan eitt år etter transaksjonsdagen vurdert som omløpsmiddel. Anleggsmiddel er egedelar bestemt til varig eige og bruk.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris. Varige anleggsmiddel vert avskrivne etter ein fornuftig avskrivingsplan. Anleggsmidla vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til venta tap. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrivne over driftsmidla si levetid dersom dei har venta levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnader, mens påkostingar vert tillagt driftsmidlet sin kostpris og avskrivne i takt med driftsmiddelet.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både betalbar skatt og endring i utsett skatt/utsett skattefordel i perioden. Utsett skatt er utrekna med 22% (23% i 2017) på grunnlag av dei mellombelse skilnader som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Note 1 Fordringar

Medlemsfordringar og andre fordringar er vurdert til pålydande. Det er gjort frådrag for kr 70 000 for pårekeleg tap på medlemsfordringar.

Note 2 Skatt

Skatten for 2018 er berekna slik:

Mellombelse skilnader	2018	2017	Endring
Driftsmidlar	0	0	0
Fordringar	-69 999	-69 999	0
Sum mellombelse skilnader	-69 999	-69 999	0
Framførbart underskot LS	-335 267	-339 768	4 501
Sum grunnlag utsett skattefordel	-405 266	-409 768	4 501
Bokført utsett skattefordel	89 159	94 247	5 088

Utsett skattefordel utgjer 22% av negative mellombelse skilnader og framførbart underskot. For 2017 utgjorde utsett skattefordel 23% av negative mellombelse skilnader.

Grunnlag betalbar skatt 2018

Rekneskapsmessig resultat før skatt	4 501
- Endring i mellombelse skilnader	0
+/- Permanent skilnad	0
-Underskot til frmføring	-409 768
Skattepliktig inntekt (avrunda)	-405 266
Skattepliktig inntekt	0

Betalbar skatt i balansen

Betalbar skatt, 23 % av skattepliktig inntekt	0
Formuesskatt	2 263
Sum betalbar skatt i balansen	2 263

Skattekostnad i resultatrekneskapen:

Endring utsett skattefordel	5 088
Betalbar skatt	2 263
For mykje avsett skatt i 2017	0
Sum skattekostnad i resultatrekneskapen	7 351

Note 3 Andelskapital og endring egenkapital

Andelskapitalen står fast og vert ikkje betalt ut att til brukarar som sluttar å nytte laget.

Endring i egenkapital i løpet av 2018:

	Andelskapital	Fri egenkapital
Eigenkapital Landbrukstenester Sogn 31.12.17	291 400	1 316 707
Ny andelskapital		
Resultat i 2018		-2 850
Eigenkapital 31.12.18	291 400	1 313 858

Note 4 Anleggsmidler

Anleggsmidler består av edb-utstyr og inventar

Kostpris 31.12.17	101.407
Tilgang	0
Kostpris 31.12.18	101.407
Akk. avskrivningar 31.12.17	101.407
Avskrivningar 2018	0
Akk. avskrivningar 31.12.18	101.407
Bokført verdi 31.12.18	0

Note 5 Pensjonar

Selskapet har ein innskotsbasert pensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Det er 47 tilsette som er omfatta av ordninga. Pensjonen for dei tilsette er avhengig av innbetalte midlar og avkastning på midlane. For selskapet er kostnaden i året lik premien i året.

Netto pensjonskostnad i året kjem fram på følgjande måte:

Netto pensjonskostnad i året for innskotsbasert ordning **183 236**

Pensjonspremie i året til pensjonsordning dagleg leiar **28 693**

Selskapet har ei kollektiv pensjonsordning for 1 tilsett. Kostnaden i året er rekneskapsmessig handtert lik den betalte premien for ordninga. Bokføringa er i samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak.

Pensjonspremie i året til kollektiv ordning	-45 129
Netto pensjonskostnad i året for kollektiv ordning	-45 129

Samla pensjonskostnader	166 800
--------------------------------	----------------

Negativ kostnad i pensjonspremie til kollektiv ordning gjelder for mykje innbetalt pensjon i 2017, som vart tilbakebetalt i 2018.

Note 6 Godtgjeringar

Dagleg leiar:

Løn til dagleg leiar har vore på kr 544 439, i tillegg kjem vaktgodtgjersle på kr 31 080. Andre godtgjeringar (inklusive bilgodtgjersle) til dagleg leiar utgjer kr 11 365. Det er kostnadsført kr 28 693 som vedkjem pensjonsordninga for dagleg leiar, samt kr 9 122 i ordinær OTP.

Revisor:

Det er kostnadsført revisjonshonorar med kr 31 955. Honoraret inkluderer bistand med utarbeiding av likningspapir og notar til rekneskapen.